



Førstekonsulent
Gro Lurås

Telefon +47 73 59 66 89
E-post: gro.luras@hf.ntnu.no

DOKTORDISPUTAS - YNGVE SKJÆVELAND

Den 27. juni 2008 forsvare cand. philol. Yngve Skjæveland doktorgradsavhandlinga si offentleg for graden doctor artium ved Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet. Avhandlinga har tittelen:

Teknologisk nyskaping og kulturell brytning: Norsk jarnbane 1840-1880

Til å vurdere avhandlinga oppnemnde Det historisk-filosofiske fakultetet følgjande vurderingskomité:

- Universitetsadjunkt, fil. dr. Pär Blomkvist, Avdelningen för industriell dynamik, Kungliga tekniska högskolan, Sverige
- Lektor, dr. philos, Michael Frederik Wagner, Institutt for Historie, Aalborgs Universitet, Danmark
- Professor, dr. art, Øyvind Thomassen, Institutt for tverrfaglege kulturstudium, NTNU

Professor Øyvind Thomassen, NTNU har administrert komiteen sitt arbeid.

Følgjande ordinære opponentar ved disputasen er oppnemnde:

1. opponent: Lektor, dr. philos, Michael Frederik Wagner
2. opponent: Universitetsadjunkt, fil. dr. Pär Blomkvist

Avhandlinga er etter innstilling frå denne komiteen funnen verdig til forsvar for graden doctor artium. Cand. philol. Yngve Skjæveland har utført arbeidet sitt ved Institutt for tverrfaglege kulturstudium, NTNU. Professor Per Østby har vore hovudrettleiar og førsteamanuensis dr. art. Stig Kvaal har vore medrettleiar.

Prøveførelesinga finn stad: Fredag 27. juni 2008 kl 10.15

i Aud. D6, Bygg 5, Nivå 3, Universitetscenteret på Dragvoll, over oppgitt emne:

Teoretiske perspektiv og metodiske tilnærmingar i nordisk historisk forskning om samferdsel sidan 1980

Doktordisputasen finn stad: Fredag 27. juni 2008 kl 12.30

i Aud. D6, Bygg 5, Nivå 3, Universitetscenteret på Dragvoll, der cand. philol. Yngve Skjæveland offentleg vil forsvare avhandlinga si.

Prøveførelesinga og disputasen er opne for alle interesserte.

Så langt det rekk, kan ein få eit eksemplar av avhandlinga ved å kontakte Det historisk-filosofiske fakultetet sitt ekspedisjonskontor, Bygg 2, Nivå 5, Universitetscenteret på Dragvoll, tlf. 73 59 65 95.

Samandrag av avhandlinga, sjå side 2.

Teknologisk nyskaping og kulturell brytning: Norsk jarnbane 1840-1880

Yngve Skjæveland

Avhandlinga analyserer innføringa av jarnbanen i det norske samfunnet på 1800-talet. Tradisjonelt har framstillingar av jarnbanehistorie lagt vekt på dei politiske, økonomiske og tekniske sidene ved jarnbanen. Det har vore fokusert på utbygging og etablering av banestrekningar, og endringar i samfunnet har gjerne blitt sett på som direkte konsekvensar og effektar av teknologiutviklinga. Denne avhandlinga har eit anna perspektiv på den norske jarnbanehistoria, både tematisk og teoretisk. Det me kan kalla integrasjonen av jarnbanen vert analysert i ein kulturell kontekst, det vert lagt vekt på korleis jarnbanen vart teken i bruk, og på at teknologi og samfunn påverka kvarandre gjensidig i denne prosessen. Avhandlinga bryt på fleire område med tradisjonelle oppfatningar av jarnbanehistoria, og på fleire måtar skilde innføringa av jarnbanen i Noreg seg frå måten tilsvarende prosessar har blitt skildra på i utanlandsk litteratur.

Innføringa av jarnbanen i Noreg vert analysert som ein domestiseringsprosess. Dette er eit teoretisk perspektiv som legg stor vekt å sjå prosessen frå brukarane si side, og korleis teknologiar blir tatt i bruk både i praksis og på eit symbolsk plan. Gjennom vektlegginga av brukarsida, og samspelet og den gjensidige påverknaden mellom samfunnet og teknologien, viser dette kompleksiteten i innføringa av ein ny teknologi. Korleis denne integrasjonsprosessen gjekk føre seg, er undersøkt empirisk gjennom ein analyse knytt til utvalde samanhengar og tema. Dette er gjort med utgangspunkt i eit breitt utval av ulike typar kjelder.

Avhandlinga er strukturert som ei "reise" som syner korleis den framande teknologien møtte det norske samfunnet på ei rekkje ulike område, og kva som vart resultatet av desse møta. Gjennom møtet mellom kulturen og ulike sider av jarnbanesystemet, vart jarnbanen forma og fekk sitt meiningsinnhald. Jarnbanen måtte bokstaveleg talt bana seg veg gjennom den norske naturen. Men det var ikkje berre eit møte med det fysiske landskapet, det var også eit møte med førestellingar om naturen, om kva som var mogleg eller umogleg. Jarnbanen var med på å endra synet på naturen, samstundes som naturen var med på å forma jarnbanen. Det nye kommunikasjonsmidealet var med på å endra måten som menneske møttest, samhandla og kommuniserte på. Men også jarnbanen vart tilpassa og påverka. I dette møtet mellom nye og gamle levemåtar og praksisar oppstod det også kontroversar av moralsk karakter. Avhandlinga syner korleis jarnbanen møtte den norske kulturen sine verdier og moralsyn, og kva som skjedde både med teknologien og med verdiane i dette møtet.

Avhandlinga analyserer også mange ulike sider ved møtet mellom dei reisande og den nye reisemåten, og viser korleis jarnbanereisa vart opplevd i samtida. Den fyrste maskinelle reisa over landjorda var eit møte med maskinkrefter, med eit nytt tempo i reisa og med ein ukjent risiko. Nordmenn sine tradisjonelle oppfatningar om tid og rom vart konfrontert med "den nye tida", der klokkeid og rutetabellar styrte reisa. Avhandlinga viser at på mange av desse områda skil dei norske opplevingane og fortolkingane seg frå det ein vanlegvis finn i internasjonal litteratur om emnet. Reisemåten kravde at passasjerane innordna seg eit system, og hadde dermed ein disiplinerte og "ordnande" effekt. Innføringa av jarnbanen var eit møte med ein teknologi som kunne gje større mobilitet og nye impulsar, men det var også eit møte med eit disiplinert og strukturert tilvære, med eit moderne tilvære. Jarnbanen var ein del av ein moderniseringsprosess, som nettopp innebar både større fridom og fastare strukturar.

For meir informasjon, kontakt Yngve Skjæveland på e-post: yngvesk@hf.ntnu.no